



Anders Riise

Dykkar ref:

Dykkar dato:

Vår ref:

26/182/ JSH

Dato:

27.03.2026

Sakslista og saksopplysningar til representantskapsmøte 1 Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

Tid: 17. april, kl. 10–14

Stad: Vestnes Fjordhotell

Møtet blir gjennomført fysisk på Vestnes Fjordhotell.

Vi ber om at postmottak i kvar einskild kommune sender sakslista til valde representantar.
Påmelding representantar: [Påmelding representantskapsmøte 17.04.2026 – Fyll ut skjema](#)

Detaljerte saksopplysningar finns på nettsidene til Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS:
<https://www.ikamr.no/representantskap-2026-1>

Saker:

- 01/26: Oppteljing av representantskapsmedlemmar
- 02/26: Godkjenning av innkalling og saksliste
- 03/26: Val av to til å føre møteprotokoll
- 04/26: Orienteringssaker frå selskapet
- 05/26: Sikre arkiv for framtida - Konkurransgrunnlag
- 06/26: Fagleg årsmelding 2025
- 07/26: Årsmelding og rekneskap 2025
- 08/26: Handlingsprogram IKAMR 2026
- 09/24: Val av styre
- 10/26: Godkjenning av protokoll

01/26: Oppteljing av representantskapsmedlemmar

Tilråding:

Dei frammøtte utsendingane frå fylkeskommunen og kommunane vert godkjende som representantar.

Det møter utsendingar frå __ eigarar som representerer __ % av eigardelane. Kravet er minst 14 utsendingar som representerer 2/3 av eigardelane. Møtet er såleis lovleg sett.

02/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista sendt eigarane i e-post 27.03.2026.

Tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjende.

03/26: Val av to til å føre og to til å signere møteprotokoll

Tilråding:

_____ og _____ vart valde til å føre møteprotokoll.

_____ og _____ vart valde til å signere møteprotokoll.

04/26: Orienteringssaker frå selskapet

Tilråding:

Representantskapet tek orienteringa til vitande.

05/25: Sikre arkiv for framtida – Konkurransgrunnlag

Vedtak punkt 6 og 7 er unntatt offentlegheita i høve offentleglova §13-1, jamfør forvaltningslova §13-1, led nr 2.

Tilråding:

1. Representantskapet tek saka om «Sikre arkiv for framtida» til orientering og konstaterer at situasjonen er tidskritisk. Dette heng mellom anna saman med at gjeldande leigeavtale går ut i juni 2027, at bygget er lagt ut for sal, og at IKAMR står i ein situasjon med både kapasitetsutfordringar, dokumenterte avvik og risiko for mottaksstopp frå slutten av 2026.
2. Representantskapet vedtek at IKAMR lyser ut konkurranse i Ålesundsregionen for leige av eksisterande lokale som kan oppgraderast og tilpassast til godkjent arkivdepot og eigna kontor- og driftsareal, der alle funksjonar skal vere samlokaliserte på éin geografisk lokasjon.
3. Representantskapet sluttar seg til at konkurransen blir gjennomført som konkurranse med forhandling etter forutgåande kunngjering, med prekvalifisering av leverandørar i første trinn og tilbods- og forhandlingsfase i andre trinn.
4. Representantskapet legg til grunn at leverandørane skal tilby ei førebels løysing, inkludert maksimal årleg husleige, og at IKAMR etter kontraktsinngåing i ein forprosjektfase skal kunne medverke til den endelege utforminga og detaljtilpassinga av lokala innanfor rammene av konkurransegrunnlaget utan at dette i seg sjølv gir grunnlag for auka maksimal husleige. Berre funksjonsendringar utover konkurransegrunnlaget skal kunne gi grunnlag for endring av maksimal husleige.
5. Representantskapet ber administrasjonen gjennomføre konkurransen og leggje fram ny sak for styret og representantskapet før endeleg kontraktsinngåing. Denne saka skal minst omtale mottekne tilbud, kostnadsnivå, framdrift, risikovurdering og økonomiske konsekvensar for eigarane.

6.

7.

06/26: Fagleg årsmelding 2025

Tilråding:

Representantskapet tek orienteringa til vitande.

07/26: Årsmelding og rekneskap 2025

Tilråding:

Årsmelding og rekneskap for 2024 vert godkjend.

Netto driftsresultat viser eit mindreforbruk på kr 577 958. Netto driftsresultatet er disponert slik:
Netto bruk av bundne fond kr 297.874,-. Netto avsetning til disposisjonsfond kr 410 164,-. Overføring til investeringsrekneskapen kr 38.106,- gjeld investering i aksjar og andelar i selskapet.

08/26: Handlingsprogram IKAMR 2026

Overordna mål og retningslinjer for drifta.

Tilråding:

Handlingsprogram IKAMR 2026 vert godkjend.

09/25: Val av styre

Val av styreleiar og nestleiar

Val av styre

Val av valkomité

Tilråding:

Protokoll lest opp og godkjende.

10/25: Godkjenning av protokoll

Tilråding:

Protokoll lest opp og godkjende.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur